



Gro pakkar inn ein av årets siste blomar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei handlande også i Uskedalen er no i ferd med å setja punktum for 2010 og slår fast at dei har svært positive tal å operera med sjølv om dei enno ikkje er heilt klare. .**

'Rekordomsetning før jul' er dagens oppslag i Kvinnheringen og det gjeld både Husnes Storsenter og butikkane i Rosendal og på Sæbøvik. SPAR i Uskedalen er ikkje omtala i reportasjen, men også der har det vore rekordomsetnad, påpeiker Gunn Mari Moberg på den siste handelsdagen i 2010.

Omsetnadstala har vakse for kvart år. og det gjeld både for desembersalet og salet på årsbasis.

Over helga vil leiinga ved SPAR rekna ut kvar dei eigentleg har havna.

- Eg har ikkje hatt tid til å sjekke tala mine førebels , seier ein travel Gro Hjelmeland, som no har 2 år og 2 månader bak seg som blomehandlar i Uskedalen.

Med andre ord har ho no opplevd 3 julehelger som sjølvstendig næringsdrivande i bygda og nølar ikkje med å slå fast at omsetnaden har vore veldig bra også foran denne jula.

- Vi har aldri hatt så mange bestillingar som no og spesielt ikkje frå Uskedalen og innover. Men vi har mange kundar også utover. Med andre ord har vi kundar i heile kommunen, opplyser Gro.

Ho er også glad over å kunne registrera ein viss patriotisme hos uskedalingane - dei vil gjerne bruke sin eigen blomehandlar.

- Og korleis er så konklusjonen din etter vel 2 år?

- At eg er veldig fornøgd og at dette har gått over all forventning.

Men det har kosta svært mykje arbeid, det har faktisk teke all tida mi..

Det har vore svært lite ferie og mykje jobbing

Heldigvis har eg hatt god hjelp av mor og andre

og tek fatt på eit nytt år med stor optimisme!

Av Ola Matti Mathisen



- Dette gjeld også for oss i SPAR, seier Gunn Mari Moberg. (Foto: Ola Matti Mathisen)